

SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Formannskapet

Sak nr 38/06

Saksbehandler: Ivar Undheim
Arkivsak: 04/1229-5

Arkiv: 010 &00
Møtedato: 04.09.2006

VALLOVA - HØYRING OM ENDRINGAR

Kommunal og regionaldepartementet har sendt ut forslag til endringar av vallova til høyring. Vedlagt høyringsbrevet av 20. juni 2006, som gir ein oppsummeringa av forslaga.

Heile høyringsnotatet på 19 sider kan ein finna internett:
http://www.odin.no/filarkiv/284580/Endringer_i_valgloven.pdf

Rådmannen er stort sett einig i dei endringane som blir foreslått.

Det er greitt at det nå blir ei avklaring på om det skal sendast ut valkort. Det er bra at dette nå blir lovfesta. Klepp sende ut valkort sist kommuneval, men ein sende ikkje ut valkort til sist stortingsval. At ein ikkje sende ut til stortingsvalet var langt på veg ein protest mot at staten ikkje ville dekka kostnadene til dette. Det meste av utgiftene til utsending av valkorta er porto, der inntektene går til statssekskapet Posten Norge AS. Rådmannen meiner at staten bør dekka desse utgiftene anten direkte eller ved tilskot til kommunane.

Framskyving av fristen for førehandsstemmer med ein dag til torsdag synest også å vera fornuftig for at flest muleg stemmer skal nå fram i tide.

Derimot er rådmannen ikkje einig i at fristen blir utsett med ein dag til tysdag kl 2000 for at stemmene skal vera komne fram.

Primært burde ein halda på same frist som nå, mandag kl 2000. Når ein har skyvd fristen for å avgje stemme til torsdag burde det hjelpe mykje. Ein burde i alle høve prøva dette ut først, før ein gjer endring på dette punktet.

Verknaden med lengre frist er størst ved kommuneval. Sjølv i ein stor kommune som Klepp, har me opplevt at det er ei stemme som skil kven som får sistemandatet i kommunestyret. Og det er vanleg at det for fleire parti berre er ei stemme som skil mellom dei som kjem inn. Det hender og at listepllassering er avgjerande når dei to siste har like mange stemmer.

Forslaget om å godkjenne førehandsstemmer heilt til tysdag kl 2000, betyr at verken mandatfordelinga eller kandidatkåringa vil vera klar før langt ut på tysdag kveld. I dei mindre kommunane kan avhaldne og seint innkomne stemmer utgjera 5-10% av alle stemmene.

Viss fristen skal setjast seinare enn måndag kl 2000, er det ønskjeleg at fristen blir sett så tidleg som muleg på tysdag. Ved ein frist på kl 1000, ville me fått med det alt vesentlege av dagens post og det ville i praksis ikkje forseinka oppgjeret vesentleg. Det kjem ikkje post til Klepp etter kl 0900. Det synest då rimeleg meiningslaust at me skal måtta venta i 11 timer for å avslutta oppteljinga.

Dette vil sjølv sagt variera landet rundt, men viss fristen landet rundt blei sett til kl 1200, ville det ha små konsekvensar for oss og ein ville i dei fleste kommunane fått med tysdagens post. Rådmannen har ikkje särlege merknader til dei andre punkta. Det ville vore ønskjeleg at skjæringsdatoen blei utsett til 30. juni. Vi skal klare å få gjort vår del av jobben viss folkeregisteret klarer sin del.

Vedlegg:

- Høyringsbrev av 20. juni 2006,

Innstilling:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Klepp kommune slutter seg til forslaget om at det skal sendast valkort til alle veljarar.
Klepp kommune forutset at staten dekker kostnadene til utsending av valkort, anten direkte eller ved tilskot til kommunane.
2. Klepp kommune vil frårå at fristen for kva tid førehandsstemmene må vera komne inn blir sett seinare enn dagens frist, måndag kl 2000.
Blir fristen utsett til tysdag, bør tidspunktet ikkje vera seinare enn kl 1200.

Formannskapet den 04.09.2006 sak 38/06

Behandling:

Omførent forslag

Siste setning i punkt 2 går ut.


Røysting:

Innstillinga med omførent forslag fekk 9 røyster.

Samrøystes VEDTAK:

1. Klepp kommune slutter seg til forslaget om at det skal sendast valkort til alle veljarar.
Klepp kommune forutset at staten dekker kostnadene til utsending av valkort, anten direkte eller ved tilskot til kommunane.
2. Klepp kommune vil frårå at fristen for kva tid førehandsstemmene må vera komne inn blir sett seinare enn dagens frist, mandag kl 2000.

Klepp kommune, 07.09.2006


Elfin Lea
ordførar


Wigdís B. Detlie
formannskapssekr.

Kopi til:

Kommunal- og regionaldepartementet, Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo